

PROYECTO PASO CADENA.

Kvartalsrapport for 4. kvartal 1993.

Sjukearbeidet.

Sjukepleiaren vår slutta ved utgangen av året, og hadde ferie den siste halve månaden. Dermed vart det ikkje gjort ferdig nokon rapport frå sjukearbeidet. Frå oktober vart det heller ikkje utarbeidd statistikk, men det er all grunn til å tru at talet på handsamingar etc. var omlag det same som tidlegare månader.

Kvartalet starta med to sjølv mordforsøk 3. oktober. Den eine hadde teke ei mild gift, og kasta det opp att snart. Ho overlevde, og ser ut til å vera uten mein. Den andre, ei av 6. klassejentene, tok bomullsgift og døydde. Ho vart køyrd til sjukehus i Ciudad del Este, men alt forgjeves. Då jenta vart gravlagd, var mange av indinarane fulle. Ein ung gut gjekk og tok same slags gift i fylla, og døydde han og. Fleire andre ville gjera det same, men vart hindra.

Det har elles vore ein vasskoppe-epidemi i området og mange har vore sjuke. M.a. jordbruksarbeidaren vår og kona var alvorleg sjuke av dette og måtte på sjukehus.

Sist i oktober vart brevet om overdraging til staten overlevert til helsedepartementet. Me opplyste der om sjukepleiaren vår som skulle slutta. Målet var då å få dei med på tilsetjinga av ny, og få dei til å betala det. Me vart lova løn til sjukepleiar eitt og eit halvt år tidlegare. Men enno, i første kvartal 1994, har ikkje staten kome fram til noko avgjerd på deira side. Me må derfor berre venta vidare.

Skulestyrarinna, Rosa, har arbeidd med sjuke i mange år. Ho har først og fremst teke seg av dei som har kome når det ikkje har vore utdanna sjukepleiar på stasjonen. (Det har vore mange veker pr. år). Ho gjer eit godt arbeid. Men i påvente på utspel frå staten, har me ikkje fast opningstid.

Betaling for sjuketenestene og medisinen dei får, er det vanskeleg å få inn. No ved slutten av året har mange fått arbeid på stasjonen, og slik fått betalt eit del. Men lista er lang framleis.

Skulen.

Det såg ut til at 100 skulle slutta av dette året. Men så tok ei av jentene livet sitt heilt på slutten, og det vart mykje uro i koloniane. Dermed vart det berre 89 som avslutta skuleåret. Her ute er det eksamen etter kvart årstrinn, så skjemaet vart slik:

	Fullførde:	Må gå om att:
1. klasse:	25	7
2. klasse:	20	6
3. klasse:	4	2
4. klasse:	7	3
5. klasse:	7	0
6. klasse:	8	0
<u>Totalt:</u>	<u>71</u>	<u>18</u>

Me ser her at årskullet som utgjorde 3. klasse, var lite. Problemet er ikkje så lågt barnetal, truleg, men lite interesse for skulegang. Årskulla i prosjektida no, er derimot lovande. Vonar me greier å halda på dei oppover i gradene!

Siste skuledagen for indianarskulane var 30. oktober.

Jordbrukshjelpa.

Det har ikkje vore så mykje aktivitet for jordbruksarbeidaren dette kvartalet. Ein viktig grunn er at det store fleirtalet av indianarane arbeider på markene til folk rundt koloniane, t.d. Margarita. Men ein del har fått hjelp, og andre att har kome med deler av avlinga som tilbakebetaling for frøa dei fekk ved starten av såtida. Det som er planta, er mais, bønner, erter, osv. Me fekk og ein ny type mandioca, (mandió sa'yjú) som vart planta. Av produkt ein fekk inn, var bønner og mais. Nokre hadde planta løk, og hadde fått gode avlingar. Eit problem er å få selt det. Veggen er dårleg og marknaden langt borte. Dermed er det ikkje så godt å produsera ut over det som ein brukar sjølv, eller kan selja i nærmiljøet.

Prosjektet har fått nokre kaninar og har starta å ala på dei. Nokre av indianarane er interesserte i slike til kjøtproduksjon. Har og kjøpt inn nokre grisungar og gjeve indianarane på vilkår av at dei skal koma tilbake med grisungar når så langt lir. To av grisungane har dauda. Andre har vore sjuke, men greidd seg. Det har vorte vaksinert mot grisepest.

Elles har jordbruksarbeidaren jobba mykje med sitt "eige" hus.

Administrasjonen.

Den lokale administratoren vår (mannen til sjukepleiaren), slutta ved utgangen av året og hadde før det to veker ferie. (Heller ikkje han hadde laga kvartalsrapport). Han hadde ein hard tøm i starten av kvartalet med køyring av sjuke osv. Han har og stått for innkjøp delvis, og gjort mykje praktisk arbeid.

Siste tida skulle han læra opp jordbruksarbeidaren vår til å kunna ta over mykje av dei praktiske oppgåvere på stasjonen, dvs. det daglege vedlikehaldet og tilsynet.

Koordinatoren har i dette kvartalet vore der oppe meir enn før, og har hatt med seg både norske og paraguayarar for å arbeida med bustaden til jordbruksarbeidaren. Han har og teke ein del opptak av stoff til lærebokarbeidet både i Paso området og rundt Curuguaty. Dette vert så skriva ned av ein nasjonal medarbeidar som elles jobbar med omsetjing av GT til guarani.

I dette kvartalet var koordinatoren over til Bolivia for å sjå på arbeid med guaranibøker der. Ein del stoff fekk han med tilbake. Men grunna sjukdom vart ikkje denne reisa så effektiv som ho klunne ha vorte. Det same var årsak til at det gjekk delvis for "halv maskin" i tida etterpå og.

Kyrkjelydsarbeidet.

Det nye kyrkjebygget kom opp i vindaughøgda før kvartalet var over. Kyrkjelyden hadde fått melding om at dei måtte vera ute til siste desember. (Dei har no fått lov til å vera der til ut februar, då me ikkje kjem i gang med endringane på klinikkbygget før i mars tidlegast.)

Leiande eldste, som og var lokal administrator, slutta først i desember. Eulalio Garcete overtok då att som leiande eldste. Elles fortset dei andre som før.